

**STUDIEÅRET 2022/2023**

**SKRIFTLIG INDIVIDUELL HJEMMEEKSAMEN**

I

**IDRETT OG BÆREKRAFT (SPM 103)**

Utlevering av oppgave: mandag 28. november 2022 kl. 12.00 i WISEflow

Innlevering av oppgave: mandag 19. desember 2022 kl. 14.00 i WISEflow

**Om eksamen:**

- Varighet tre uker.
- Alle hjelpemidler tillatt.
- Omfang: 4500 ord.
  - Hver av de tre oppgavene skal være på 1500 ord. Det godtas pluss/minus 10 prosent.
  - Referanselisten kommer i tillegg. Det skal være en felles referanseliste etter alle tre oppgaver. Format: APA, 7. utgave.
- Gradert karakter, A-F.
- De tre oppgavene vektet likt.
- Hvis én av de tre oppgavene ikke leveres, vurderes eksamen til ikke bestått
  
- Besvarelsen vil bli kjørt gjennom plagiatkontrollprogrammet Urkund.
- Vi minner om at alle sider i de seks modulene i Canvas er å anse som anbefalte, relevante læringsressurser. Det er en anbefaling å bruke Canvas som supplement og ikke hovedvekten av kilder.

**NB!** Det skal kun lastes opp én fil som MÅ være i pdf-format.

## **DEL 1 - KLIMAMÅL**

Med bakgrunn i relevante kilder og litteratur skal du drøfte hvordan idretten (nasjonalt og internasjonalt) kan bidra til at Norge og verdenssamfunnet når klimamål som er satt. Planetens tålegrense kan være et stikkord her. Trekk i den sammenheng fram noen elementer der idrett i dag har negativ påvirkning på miljøet.

Totalt 1500 ord.

## **DEL 2 - BÆREKRAFTSPROSESS**

Ta utgangspunkt i en organisasjon eller et organisasjonsledd som du selv velger. Oppgaven er todelt og du bestemmer selv fordelingen av ord innenfor rammen av totalt 1500 ord.

- a) Hvilke muligheter og utfordringer ser du i forbindelse med det å iverksette tiltak som fremmer en bærekraftig utvikling i organisasjonen?
- b) Hvordan kan din organisasjon dra nytte av nåværende og potensielle interessenter i bærekraftprosessen?

Totalt 1500 ord.

## **DEL 3 - DIMENSJONER OG IDRETTSARRANGEMENT**

Det ligger mye potensial i idrettsarrangementer til å bli mer bærekraftige.

Ta utgangspunkt i de tre dimensjonene (sosiale, økonomiske og klima/miljømessige) når du skal begrunne *hvorfor* og *hvordan* idrettsarrangører kan jobbe med bærekraft. Benytt minst én teoretisk inngang eller modell.

## **NYNORSK TEKST**

### **Om eksamen:**

- Varigheit tre veker.
- Alle hjelpemiddel er tillatne
- Omfang: 4500 ord
  - Kvar av dei tre oppgåvene skal vera på 1500 ord. Pluss/minus 10 prosent kan godtakast
  - Referanselista kjem i tillegg. Det skal vera ei felles referanseliste etter alle dei tre oppgåvene. Format APA, 7. utgåve
- Gradert karakter, A-F
- Dei tre oppgåvene blir likt vekta
- Viss éi av dei tre oppgåvene ikkje blir levert, blir eksamen vurdert til ikkje godkjend.
- Eksamen vil bli køyrd gjennom plagiatkontrollprogrammet Urkund.
- Me minner om at alle sider i dei seks modulane i Canvas er å rekna som tilrådde, relevante læringsressursar. Det er ei tilråding å bruka Canvas som supplement og ikkje som hovudvekta av kjelder.

### **DEL 1 - KLIMAMÅL**

Med bakgrunn i relevante kjelder og litteratur skal du drøfta korleis idretten (nasjonalt og internasjonalt) kan bidra til at Noreg og verdssamfunnet når klimamål som er sett. Tålegrensa til planeten kan vera eit stikkord her. Trekk i den samanhengen fram nokre element der idrett i dag har negativ påverknad på miljøet.

Svaret skal vera på 1500 ord.

### **DEL 2 - BEREKRAFTSPROSESS**

Ta utgangspunkt i ein organisasjon eller eit organisasjonsledd som du sjølv vel. Oppgåva er todelt og du bestemmer sjølv fordelinga av ord innanfor ramma av totalt 1500 ord.

- a) Kva moglegheiter og utfordringar ser du i samband med det å setja i verk tiltak som fremjar ei berekraftig utvikling i organisasjonen?
- b) Korleis kan organisasjonen din dra nytte av noverande og potensielle interessentar i berekraftsprosessen?

Svaret skal vera på 1500 ord.

### **DEL 3 - DIMENSJONAR OG IDRETTSARRANGEMENT**

Det ligg mykje potensial i idrettsarrangement til å bli meir berekraftige. Ta utgangspunkt i dei tre dimensjonane (sosiale, økonomiske og klima/miljømessige) når du skal grunngi kvifor og korleis idrettsarrangørar kan jobba med berekraft. Nytt minst éin teoretisk inngang eller modell.

Svaret skal vera på 1500 ord.